



Innkalling
av
Eldrerådet

Møtedato: 01.09.2015
Møtestad: Møterom 1.etg. vest
Møtetid: 10:00 - 13:00

Eventuelle forfall må meldast til Margrethe Høyland per tlf. 56 37 51 61, sms til eller per epost til Margrethe.Hoyland@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Rådmann Ørjan Raknes Forthun orienterer om fagplan helse og omsorg **.PLANEN VERT ETTERSENDT**
Også orientering om dagtilbodet for demente, Alversund.

Svein Gjerstad: Eldreboligar.

Reidun Sæbdal: Hjelpemidler.

Etter møtet vert det omvisning på Ostertunet.

Sakliste

Saknr	Tittel
025/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
026/15	Godkjenning av møteprotokoll
027/15	Leiar orienterer.
028/15	1. gangs handsaming av reguleringsendring for Mangerbua 2, plan-ID 1263-200817
029/15	1. gongs handsaming, Kjevikdalen fyllplass, utviding, gbnr 176/25, 177/36 mfl.
030/15	Ny 1. gangs handsaming av reguleringsplan for Johan Sverdrup oljerørledning, Bergsvikhamn-Mongstad, plan-ID 1263-201405

26. august 2015

Tore Svendsen
møteleiar

Margrethe Høyland
møtesekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
025/15	Eldrerådet	PS	01.09.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Margrethe Høyland	15/3023

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent

Saksopplysningar:

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
026/15	Eldrerådet	PS	01.09.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Margrethe Høyland	15/3023

Godkjenning av møteprotokoll

32T

Protokoll - Eldrerådet - 09.06.2015

Møteprotokollen vert godkjent

Saksopplysningar:

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
027/15	Eldrerådet	PS	01.09.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Margrethe Høyland	15/3023

Leiar orienterer.

Saksopplysningar:

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
080/15	Plan- og miljøutvalet	PS	19.05.2015
055/15	Levekårsutvalet	PS	01.09.2015
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	
028/15	Eldrerådet	PS	01.09.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Christian H. Reinshol	14/1809

1. gangs handsaming av reguleringsendring for Mangerbua 2, plan-ID 1263-200817

32T

Nedre Mangerbua-Følgeskriv
Nedre Mangerbua-Planbeskrivelse 060115
Nedre Mangerbua-Planbestemmelser 060115
Nedre Mangerbua-Plankart 060115
Nedre Mangerbua-Vedlegg a-Profil BB 060115
Nedre Mangerbua-Vedlegg g-Merknader oppstartsvarsling

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å leggje framlegg til reguleringsendring av Mangerbua 2 ut på høyring og offentlig ettersyn, på følgjande vilkår:

1. Planmaterialet må utarbeidast på nynorsk, minimum plankart og føresegner.
2. Endra § 4.2: *I området skal det etablerast terrassert blokkbusetnad, med parkeringskjellar.*
3. Tillegg til § 4.2, tredje avsnitt: *Det kan etablerast inntil 12 bueiningar innanfor området.*
4. Nytt avsnitt i § 4.2: *Kvar bueining skal ha eit privat uteopphaldsareal i form av balkong/terrasse på minimum 8 m². Det kan etablerast takterrasse innanfor BB. Område f_NL er uteopphaldsareal for BB.*
5. Tillegg til § 4.2: *Det skal etablerast minimum 1,5 parkeringsplassar per bueining. Minimum 5 % av plassane skal tilpassast rørslehemma. Det skal leggjast til rette for lading av køyrety i parkeringshuset.*
6. Ny § 1.4: Byggegrenser: *Der det ikkje er vist byggegrense, går byggegrensa i føremålsgrensa. Utanfor viste byggegrenser vert det ikkje lov å etablere murar, parkering, opplag og liknande.*
7. Tillegg til § 4.1, tredje avsnitt: *Terrasse og balkong vert rekna med i uteopphaldsarealet.*
8. Tillegg til § 4.5: *Minimum 100 m² av området skal planerast i ei høgd som sikrar at leikearealet kan nast med ei stigningsgrad på 1:20.*
9. Tillegg til § 4.5: *Det skal setjast av areal til, eller etablerast kyststi gjennom området.*
10. Tillegg til § 9.4: *Stien skal gå på sørsiden av B2, B3 og BB.*
11. Ny § 10.4: *Før det vert gjeve bruksløyve eller ferdigattest til nye bueiningar innanfor B1-B3 skal leikeareal f_L1 vere ferdig opparbeidd.*
12. Ny § 10.5: *Før det vert gjeve bruksløyve eller ferdigattest til nye bueiningar innanfor*

- B5 skal leikeareal f_L2 vere ferdig opparbeidd.*
13. Endre § 1.3: Tar vekk «Unntak frå plan og reguleringbestemmelser kan, der særlige grunner talar for det, tillates av kommunen»
 14. Endre § 3.1 første setning: «Byggverk og anlegg (t.d. murar, parkering, m.m.) skal plasseres innanfor de regulerte byggegrenser.
 15. Endre § 3.2 - Terrenghandsaming: Første avsnitt utgår. Følgjande vert lagt til: *Bruk av støttemurar, skjeringar og fyllingar skal avgrensast. Der terrenget tilseier det skal bygningane byggast med underetasje. Det skal ikkje settast opp murar høgare enn 1,5 meter utan at dei vert terrassert. Terrasse/avsats skal ha minimum djupne på 1,5 meter. Kvar avsats skal beplantast for å dempe fjernverknaden av muren.*
 16. Fjerne § 3.3.
 17. Endre § 3.4: «Innanfor planområdet kan oppføres...»
 18. Endre § 4: Siste setning utgår. Følgjande vert lagt til: *Søknad om avkøyrslø skal godkjennast av vegmynde.*
 19. Tillegg til § 4, tredje avsnitt: *MUA skal opparbeidast i høve kvalitetskrav satt i kommuneplanen og skal dokumenterast ved søknad.*
-

Plan- og miljøutvalet - 080/15

PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å leggje framlegg til reguleringsendring av Mangerbua 2 ut på høyring og offentlig ettersyn, på følgjande vilkår:

1. Planmaterialet må utarbeidast på nynorsk, minimum plankart og føresegner.
2. Endra § 4.2: *I området skal det etablerast terrassert blokkbusetnad, med parkeringskjellar.*
3. Tillegg til § 4.2, tredje avsnitt: *Det kan etablerast inntil 12 bueiningar innanfor området.*
4. Nytt avsnitt i § 4.2: *Kvar bueining skal ha eit privat uteopphaldsareal i form av balkong/terrasse på minimum 8 m². Det kan etablerast takterrasse innanfor BB. Område f_NL er uteopphaldsareal for BB.*
5. Tillegg til § 4.2: *Det skal etablerast minimum 1,5 parkeringsplassar per bueining. Minimum 5 % av plassane skal tilpassast rørslehemma. Det skal leggjast til rette for lading av køyretøy i parkeringshuset.*
6. Ny § 1.4: Byggegrenser: *Der det ikkje er vist byggegrense, går byggegrensa i føremålsgrensa. Utanfor viste byggegrenser vert det ikkje lov å etablere murar, parkering, opplag og liknande.*
7. Tillegg til § 4.1, tredje avsnitt: *Terrasse og balkong vert rekna med i uteopphaldsarealet.*
8. Tillegg til § 4.5: *Minimum 100 m² av området skal planerast i ei høgde som sikrar at leikearealet kan nast med ei stigningsgrad på 1:20.*
9. Tillegg til § 4.5: *Det skal setjast av areal til, eller etablerast kyststi gjennom området.*
10. Tillegg til § 9.4: *Stien skal gå på sørsiden av B2, B3 og BB.*

11. Ny § 10.4: *Før det vert gjeve bruksløyve eller ferdigattest til nye bueiningar innanfor B1-B3 skal leikeareal f_L1 vere ferdig opparbeidd.*
12. Ny § 10.5: *Før det vert gjeve bruksløyve eller ferdigattest til nye bueiningar innanfor B5 skal leikeareal f_L2 vere ferdig opparbeidd.*
13. Endre § 1.3: *Tar vekk «Unntak frå plan og reguleringbestemmelser kan, der særlige grunner taler for det, tillates av kommunen»*
14. Endre § 3.1 første setning: *«Byggverk og anlegg (t.d. murer, parkering, m.m.) skal plasseres innanfor de regulerte byggegrenser.*
15. Endre § 3.2 - Terrenghandsaming: Første avsnitt utgår. Følgjande vert lagt til: *Bruk av støttemurar, skjeringar og fyllingar skal avgrensast. Der terrenget tilseier det skal bygningane byggast med underetasje. Det skal ikkje settast opp murar høgare enn 1,5 meter utan at dei vert terrassert. Terrasse/avsats skal ha minimum djupne på 1,5 meter. Kvar avsats skal beplantast for å dempe fjernverknaden av muren.*
16. Fjerne § 3.3.
17. Endre § 3.4: *«Innenfor planområdet kan oppføres...»*
18. Endre § 4: Siste setning utgår. Følgjande vert lagt til: *Søknad om avkøyrsløve skal godkjennast av vegmynde.*
19. Tillegg til § 4, tredje avsnitt: *MUA skal opparbeidast i høve kvalitetskrav satt i kommuneplanen og skal dokumenterast ved søknad.*

.....

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

Bakgrunn

Plan- og miljøutvalet tek stilling til om framlegget til reguleringsendring skal leggjast ut til høyring og offentleg ettersyn.

Oppdragsgjevar for reguleringsendringa er Majo Eigedom AS og Seim Bygg AS, plankonsulent er Leiten og Howden AS.

Bakgrunnen for reguleringsendringa er at ein ynskjer å legge til rette for auka utnytting med terrassebustader på eitt av delområda i den opphavlege planen, samt auka utnytting for dei andre delfelta. Det er også teke med eit offentleg leikeareal i øst. I tillegg er det gjort ei

planteknisk opprydding i plankartet samt små justeringer av føremålsgrenser.

Området som no vert omregulert er frå før regulert i reguleringsplan for Mangerbua 2 og er i kommunedelplan for Knarvik-Alversund sett av til bustadføremål og strandsti/promenade. I gjeldande reguleringsplan er området sett av til føremål for bustader, småhus, offentleg køyreveg, friområde, friluftsområde på land, friluftsområde i sjø, kommunaltekniske anlegg, kulturminnevern, felles veg, avkøyrsløse og felles areal for leik og opphald.

Bustadtype og utnytting:

Det vert lagt opp til høgare utnytting for alle felta utanom B5. For B1-B3 går ein opp frå 30 % til 40 % utnytting for tomtane, men det vert ikkje tillate med fleire bueiningar. Det er tenkt småhusbusetnad på tomtene B1-B3 og B5. For BB vert utnyttinga auka frå 30 % til 60 %. Det er ikkje sett noko tal på kor mange bueiningar som kan etablerast her. Busetnaden er tenkt som terrasseblokk med rom for fleire bueiningar enn dei to to-mannsbustadane som var vist på området tidlegare. For B5 vert det teke ut moglegheit for sekundærbueining, for å sikre at ikkje totalt potensiale i antall bueiningar vert auka som følgje av utvida utnytting i nytt område BB (tidlegare B4). For B5 vert utnyttingsgraden halde på same nivå som tidlegare.

Uteoppfallsareal /leikeområde og grønstruktur:

For bustadane i B1-B3 og B5 er det uendra areal for uteoppfallsareal og leikeplassane knytt til områda er uendra. Nytt område f_NL skal fungere som uteoppfallsareal for terrasseblokkbusetnaden og er på om lag 700 m². Her skal noko av arealet opparbeidast med universell utforming. Tilkomst til f_NL vil vere universelt utforma. Utover dette er det teke med eit eksisterande leikeareal for å få regulert dette til offentleg leikeareal/områdeleikeplass. Elles er det lagt til rette for etablering av kyststi gjennom at det er lagt på bestemmelsesområde på områda o_FLF2 og o_F1, der det vert sikra at denne kan etablerast. Det er ikkje sett noko rekkefølgekrav om opparbeiding av kyststien.

Trafikktilhøve og parkering:

Det er gjort ei mindre justering av vegtrasé for f_V2 for å få ei betre tilpassing til terrenget. Utover dette er eksisterande vegar vidareført. Det har kome nokre merknader til oppstart knytt til at ein ikkje ynskjer meir trafikk frå planområdet. Til dette har forslagsstillar svart at planen ikkje vil opne for fleire enn det totale antallet bueiningar enn det som var opna for tidlegare. Grunngeving for dette er at det var planlagt 20 for einebustader med moglegheit for sekundærbustad og to tomannsbustader i det opphavlege planframlegget. Det vil ikkje bli opna opp for fleire bueiningar enn dette gjennom at ein fjerner moglegheita til å ha fleire enn ei bueining innanfor B5 og aukar talet innanfor BB. Det er ikkje sikra noko tak på tal på bueiningar innanfor BB. Totalt sett meiner forslagsstillar at trafikkmengda vil vere den same med den no planlagde utbygginga. I høve parkering er det lagt opp til 2 plassar for småhusbusetnaden, medan det ikkje er sagt noko om parkeringsdekning for terrasseblokka. Det er ikkje gjort nokre grep i høve tilrettelegging for lading av køyrety i terrasseblokka.

Universell utforming:

Ny terrasseblokk vil medføre at det vil vere mogleg å opparbeide fleire leiligheter med universell utforming enn det som låg i reguleringsplanen tidlegare, då ein vil måtte etablere heis i bygget. Utover dette skal delar av f_NL utarbeidast med universell utforming. Utover dette er det generelle krav i TEK som styrer utforming av mellom anna leikeareala.

Planteknisk:

Det er i plankartet gjort nokre tekniske endringar, mellom anna å fjerne avkøyrsløper frå kartet og fjerna innteikna bygningar på kartet. Vidare er det lagt inn nye byggegrenser mot vegane i området og elles innanfor byggeområda der det er vurdert som naudsynt. Område B4 for småhusbusetnad er bytta ut med område BB for blokkbusetnad for å legge til rette for terrasseblokkbusetnad på området. Område f_NL er teke inn for å sikre uteopphaldsareal for eit auka tal på bueiningar innanfor BB.

ROS-analyse:

Det er utarbeidd forenkla ROS-analyse for området og denne viser ingen spesielle utfordringar knytt til risiko og sårbarheit.

Vurdering

Administrasjonen har vurdert framlegget til omregulering av reguleringsplan for Mangerbua 2 og meiner i utgangspunktet hovudtrekka i plangrepet er i høve overordna plan for Knarvik-Alversund og i stor grad vidarefører hovudgrepa i gjeldande reguleringsplan Mangerbua 2, med unntak frå nytt område BB med tilhøyrande uteopphaldsareal. Ein har også prøvd å rydde opp i ein del plantekniske detaljar som har skapt problem i byggesakshandsaminga for området tidlegare. Dette er eit positivt grep. Administrasjonen har likevel ein del kommentarar og framlegg til endringar i planmaterialet som vil verte gjennomgått under, der det meste gjeld presiseringar og vidare førebygging av utfordringar i byggesaker på sikt.

Det innleverte planmaterialet er på bokmål. Planmateriale i Lindås kommune skal leverast på nynorsk og dette må rettast opp. Minimum er at plankart og føresegner vert omsatt til nynorsk, slik at desse er samsvarande.

Bustadtype og utnytting:

Administrasjonen har vurdert framlegget til ny utnytting av område BB (tidlegare B4) innanfor planområdet. Ei utnytting med terrasseblokker i området som er tilpassa terreng kan vere eit

godt grep om desse vert godt tilpassa terrenget i området. Administrasjonen meiner at dei innleverte skissene er noko uklare på utnytting og korleis ei eventuell utbygging med terrasseblokker vil sjå ut. I tillegg er føresegnene uklare på om området faktisk kjem til å bli bygd ut med terraserte blokker, då det ikkje er sikra at blokkene *skal* terrasserast, men *kan* terrasserast. Administrasjonen ynskjer å sikre dette gjennom å skrive om første setning i § 4.2, sjå framlegg til endring under.

- Endra § 4.2: *I området skal det etablerast terrassert blokkbusetnad, med parkeringskjellar.*

Vidare meiner administrasjonen at det må setjast eit tak på talet på bustadeiningar som vert tillate innanfor BB. Det er vist til i planskildringa at ein ikkje vil få meir trafikk som følgje av endringa frå småhusbusetnad til blokkbusetnad. Det er då vist til at ein har fjerna moglegheita for å kunne etablere sekundærbustad innanfor område B5 der det ligg totalt 7 tomter, altså ein reduksjon på potensielt 7 bueiningar. Vidare var det i utgangspunktet planlagt to tomannsbustader på BB, noko som utgjer 4 bueiningar. Med dette reknestykket skal ein kunne etablere totalt 11 bueiningar på BB for å ikkje å få noko auke i tal på bueiningar innanfor området. Det har kome tydelege innspel frå naboar som er knytt til området at det ikkje er ynskje om noko auke i trafikken inn til dette planområdet, då denne går gjennom etablert bustadområde der vegbreidde og trafikktilhøve i dag er mindre gode. Administrasjonen vil seie seg einig at det er føremålstenleg å ikkje auke trafikkbelastninga i området og meiner at dette kan gjerast ved å avgrense talet på bustadeiningar i BB til 12. Dette er på bakgrunn av at det ikkje er truleg at alle bustadane innanfor B1-B3 vert bygd ut med sekundærbustad, sjølv om føresegnene framleis opnar for at dette kan verte etablert. Administrasjonen meiner på bakgrunn av dette at eit tak på 12 einingar vil vidareføre potensialet for bueiningar som låg i førre planen og samstundes vidareføre den trafikkbelastninga som var planlagt for området i utgangspunktet.

- Tillegg til § 4.2, tredje avsnitt: *Det kan etablerast inntil 12 bueiningar innanfor området.*

Det er ikkje sikra noko uteopphaldsareal for beburarane i BB, sjølv om det er lagt opp til at det nye området f_NL skal etablerast som uteopphaldsareal for BB. Administrasjonen meiner det må sikrast privat uteopphaldsareal for bustadane i BB og vil tilrå at det vert sett krav om minimum 8 m² privat uteopphaldsareal i form av balkong/terrasse. I tillegg bør det opnast for at det kan etablerast takterrasse i BB. Det bør også kome tydelegare fram av føresegna for BB at uteopphaldsareal er tenkt løyst på f_NL.

- Nytt avsnitt i § 4.2: *Kvar bueining skal ha eit privat uteopphaldsareal i form av balkong/terrasse på minimum 8 m². Det kan etablerast takterrasse innanfor BB. Område f_NL er uteopphaldsareal for BB.*

Det er ikkje talfesta noko tal for parkeringsplassar for BB. Administrasjonen vil tilrå at ein her legg seg på parkeringsnorma i kommuneplanen som er minimum 1,5 plassar per bueining. Det er heller ikkje sett av plassar til rørslehemma og lagt opp til lademoglegheiter for ladbare køyrey.

- Tillegg til § 4.2: *Det skal etablerast minimum 1,5 parkeringsplassar per bueining. Minimum 5 % av plassane skal tilpassast rørslehemma. Det skal leggjast til rette for lading av køyrey i parkeringshuset.*

Når det gjeld auka utnyttingsgrad for B1-B3 meiner administrasjonen at dette kan vere føremålstenleg med tanke på storleiken på tomtene. Vidare er det ikkje vist byggegrenser

mellom tomtane. Her vil då dei generelle krava i plan- og bygningslova gjelde. Administrasjonen vil elles ha inn ei presisering om at der det ikkje er vist byggegrense i kartet, vil byggegrensa gå i føremålsgrensa.

- Ny § 1.4: Byggegrenser: *Der det ikkje er vist byggegrense, går byggegrensa i føremålsgrensa. Utanfor viste byggegrenser vert det ikkje lov å etablere murar, parkering, opplag og liknande.*

Vidare vil høgare utnyttingsgrad for tomtane medføre auka press på uteopphaldsarealet på den enkelte tomt. Administrasjonen ser det som føremålstenleg at terrasse og balkong kan inngå i rekneskap for uteopphaldsareal for B1-B3 og B5.

- Tillegg til § 4.1, tredje avsnitt: *Terrasse og balkong vert rekna med i uteopphaldsarealet.*

Uteopphaldsareal / leikeområde og grønstruktur:

Det er føreslått endringar for uteopphaldsareal for BB i vurderinga over. Vidare er det teke inn eit areal f_NL som skal fungere som uteopphaldsareal for BB. Dette arealet skal opparbeidast slik at det skal ta i vare ulike former for leik, opphald og rekreasjon på tvers av aldersgrupper. Området skal opparbeidast med naudsynt utstyr, og bord og benkar. Det er lagt opp til at ein mindre del av området kan planerast i ei høgde som gjer at området kan nåast med ei stigningsgrad på 1:20. Her meiner administrasjonen at dette må sikrast og at eit minimum på 100 m² vert tilrettelagt på denne måten. Dette for å sikre at alle funksjonsgrupper har tilgang på uteopphaldsareal utanfor det private i blokkene. Utover dette meiner administrasjonen at uteopphaldsarealet er godt eigna til føremålet og vil gje gode kvalitetar for bebuarane i området.

- Tillegg til § 4.5: *Minimum 100 m² av området skal planerast i ei høgde som sikrar at leikearealet kan nast med ei stigningsgrad på 1:20.*

Vidare er det lagt opp til at ein kan etablere ein framtidig kyststi gjennom heile planområdet gjennom at dette er sikra som eige føresegnområde og sikra i føresegnene. Dette er eit bra trekk, men administrasjonen meiner at det bør sikrast at denne stien også skal gå gjennom område f_NL og at der difor må sikrast i føresegnene at det vert sett av areal eller at det vert etablert ein sti gjennom f_NL ved opparbeiding av området. Administrasjonen meiner også at det må sikrast at kyststien kjem på framsida av B2, B3 og BB for at opplevingsverdien på stien skal bli så høg som råd. Vidare er det ikkje sett noko rekkefølgekrav knytt til etablering av kyststien, men administrasjonen meiner at sidan det er snakk om ei reguleringsendring av planen og dette ikkje var teke med i utgangspunktet, så er det ikkje naturleg å ta med dette som eit krav i høve etablering av nye bustader i området. Det er heller ikkje noko auke i det totale potensialet for bustader innanfor planområdet.

- Tillegg til § 4.5: *Det skal setjast av areal til, eller etablerast kyststi gjennom området.*
- Tillegg til § 9.4: *Stien skal gå på sørsida av B2, B3 og BB.*

Det er ikkje knytt rekkefølgekrav til opparbeiding av leikeområda f_L1-L2. Administrasjonen vil tilrå at dette vert teke inn og at f_L1 vert knytt til etablering av nye bueiningar innanfor B1-B3 og f_L2 til B5.

- Ny § 10.4: *Før det vert gjeve bruksløyve eller ferdigattest til nye bueiningar innanfor B1-B3 skal leikeareal f_L1 vere ferdig opparbeidd.*
- Ny § 10.5: *Før det vert gjeve bruksløyve eller ferdigattest til nye bueiningar innanfor*

B5 skal leikeareal f_L2 vere ferdig opparbeidd.

Trafikktilhøve:

Naboar til planområdet har uttrykk uro knytt til auka trafikk frå området i høve reguleringsendringa. Det var i opphavleg reguleringsplan opna opp for totalt 44 bueiningar dersom samtlege etablerte sekundær bueining i einebustader, eller at det vart etablert tomannsbustader i heile feltet. Endringa som no er gjort, inneber ei maksimal potensiell auke på 1 bueining dersom administrasjonen sitt framlegg om å avgrense talet på einingar i BB til 12 vert vedteke. Dette er eit maksimumstal som føreset at alle tomtane der det er høve til å etablere sekundærbustad vert bygd med dette. Totalt sett vil truleg talet verte mindre enn 44. Basert på dette meiner administrasjonen at planen ikkje legg opp til ei trafikkauke utover det potensialet som allereie ligg i gjeldande reguleringsplan.

Vidare anser administrasjonen justeringa av veg 2 som føremålstenleg og har ingen merknad til dette.

Planteknisk:

Generelt meiner administrasjonen at endringane som er gjort, der mellom anna planlagte bygg er fjerna og avkøyrsløper er fjerna, er gode trekk. Desse vil elles kunne lage problem i byggesakshandsaminga då desse er juridisk bindande symbol. Administrasjonen har elles nokre merknader knytt til føresegnene, der ein ynskjer å omformulere nokre av føresegnene og legge til/fjerne noko. Framlegg til endringar er gjengitt under.

- Endre § 1.3: Tar vekk «*Unntak frå plan og reguleringbestemmelser kan, der særlige grunner talar for det, tillates av kommunen*»
- Endre § 3.1 første setning: «*Byggverk og anlegg (t.d. murer, parkering, m.m.) skal plasseres innenfor de regulerte byggegrenser.*»
- Endre § 3.2 - Terrenghandsaming: Første avsnitt utgår. Følgjande vert lagt til: *Bruk av støttemurar, skjeringar og fyllingar skal avgrensast. Der terrenget tilseier det skal bygningane byggast med underetasje. Det skal ikkje settast opp murar høgare enn 1,5 meter utan at dei vert terrassert. Terrasse/avsats skal ha minimum djupne på 1,5 meter. Kvar avsats skal beplantast for å dempe fjernverknaden av muren.*
- Fjerne § 3.3.
- Endre § 3.4: «*Innenfor planområdet kan oppføres...*»
- Endre § 4: Siste setning utgår. Følgjande vert lagt til: *Søknad om avkøyrsløpe skal godkjennast av vegmynde.*
- Tillegg til § 4, tredje avsnitt: *MUA skal opparbeidast i høve kvalitetskrav satt i kommuneplanen og skal dokumenterast ved søknad.*

Universell utforming:

Administrasjonen vurderer at det med dei endringane som er lagt inn i høve tilkomst og utforming av f_NL og avsetting av plassar til rørslehemma i BB, at planframlegget er tilfredsstillande i høve universell utforming. TEK vil styre utforming av leikområde og bygg

utover det som er nemnt i føresegnene til reguleringsplanen.

ROS-analyse og tilhøvet til naturmangfaldslova:

Administrasjonen registrerer at ROS-analyse som er utført ikkje er vist i samsvar med kommunen sin standard. Analyse som er gjort viser ingen utslag knytt til auka risiko i høve utbygginga. Det er også mindre endringar i planframlegget i høve opphavleg plan. Administrasjonen ser i dette tilfellet ikkje grunn til å krevje at ROS-analyse vert vist og utført etter kommunen sin standard.

Når det gjeld tilhøvet til naturmangfaldet, er det ikkje registrert noko konflikt med naturmangfald som følgje av ny utbygging. Administrasjonen meiner at tiltaket på bakgrunn av dette ikkje er i strid med omsyna i naturmangfaldslova § 8-12.

Oppsummering:

Administrasjonen meiner at planframlegget som ligg føre, med dei føreslåtte endringane frå administrasjonen si side, er klart til å leggjast ut på høyring og offentleg ettersyn. Hovudgrepet i planframlegget er å legge til rette for auka utnytting innanfor område BB, samstundes som ein avgrensar tal på bueiningar i B5 for å halde totalt tal på bueiningar i området likt som i gjeldande reguleringsplan. Utover dette er det gjennomført ei planteknisk oppreinsking som vil gjere søknadsprosessen i byggesaker enklare i ettertid.

.....

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
099/15	Plan- og miljøutvalet	PS	10.06.2015
029/15	Eldrerådet	PS	01.09.2015
056/15	Levekårsutvalet	PS	01.09.2015
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Trude Langedal	14/1927

1. gongs handsaming, Kjevikdalen fyllplass, utviding, gbnr 176/25, 177/36 mfl.

32T

Plankart_Kjevikdalen fyllplass, utvidingIllusrasjon reinseanlegg_02_Kjevikdalen fyllplass, utvidingIllustrasjon reinseanlegg_01_Kjevikdalen fyllplass, utvidingSnitt_Kjevikdalen fyllplass, utvidingFøresegner_Kjevikdalen fyllplass, utvidingPlanskildring_Kjevikdalen fyllplass, utviding

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, vedtek Plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Kjevikdalen fyllplass, utviding, gbnr 176/25, 177/36 m.fl. ut til offentleg ettersyn, på følgjande vilkår:

Før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn må følgjande endringar være gjort:

1. Nytt rekkeføljekrav § 2.2 *Vegetasjonsskjerm og gjerde skal være etablert før nytt deponiareal kan nyttast.*
2. Tillegg til føresegn § 3.4.2og skal ikkje overstige maks kote + 55
3. Teiknforklaring plankart; ta ut *Illustrasjon planlagte bygg*, det er ikkje vist på plankart
4. Teiknforklaring plankart; endre *Bygg som er med i planen* til *Eksisterande bygg*
5. Plankart innanfor felt BN1, gjenbruksstasjonen skal merkast av som *Eksisterande bygg*
6. Tilkomstpil til BN3 bør takast ut av plankartet(den er heller ikkje med i teiknforklaringa)
7. Mindre feil og manglar i arealplankartet skal vere retta opp, og det skal ligge føre i SOSI-kvalitet godkjent av Lindås kommune.
8. Planskildringa skal justerast i høve vedtaket, mindre feil og manglar skal rettast opp og skal godkjennast av Lindås kommune.

Plan- og miljøutvalet - 099/15

PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, vedtek Plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Kjevikdalen fyllplass, utviding, gbnr 176/25, 177/36 m.fl. ut til offentleg ettersyn, på følgjande vilkår:

Før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn må følgjande endringar være gjort:

1. Nytt rekkeføljekrav § 2.2 *Vegetasjonsskjerm og gjerde skal være etablert før nytt deponiareal kan nyttast.*
 2. Tillegg til føresegn § 3.4.2og skal ikkje overstige maks kote + 55
 3. Teiknforklaring plankart; ta ut *Illustrasjon planlagte bygg*, det er ikkje vist på plankart
 4. Teiknforklaring plankart; endre *Bygg som er med i planen* til *Eksisterande bygg*
 5. Plankart innanfor felt BN1, gjenbruksstasjonen skal merkast av som *Eksisterande bygg*
 6. Tilkomstpil til BN3 bør takast ut av plankartet(den er heller ikkje med i teiknforklaringa)
 7. Mindre feil og manglar i arealplankartet skal vere retta opp, og det skal ligge føre i SOSI-kvalitet godkjent av Lindås kommune.
 8. Planskildringa skal justerast i høve vedtaket, mindre feil og manglar skal rettast opp og skal godkjennast av Lindås kommune.
-

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

Bakgrunn

Føretaket Ard arealplan as har på vegne av NGIR utarbeidd planframlegg for utviding av Kjevikdalen fyllplass. Området er regulert gjennom reguleringsplan Kjevikdalen, fyllplass frå 1997(planid: 1263199701) der området ligg inne som Spesialområde - fyllplass.

Planframlegget vil erstatta gjeldande plan.

Bakgrunn for planarbeidet er å utvide området i forhold til gjeldande plan for å få lagt inn naudsynt areal for reinseanlegg, få meir fyllplass og gjere om på strukturar innanfor planområdet.

Det er òg lagt inn ein 10 m brei vegetasjonsskjerm langs deponiområdet BAS som ikkje ligg inne i gjeldande reguleringsplan.

Området er sett av til føremåla massedeponi, renovasjonsanlegg, næring avgrensa til avfallsrelaterte føremål og administrasjon knytt til NGIR si drift, i tillegg er det satt av areal til parkeringsplass, veg, vegetasjonsskjerm og LNFR.

Utviding av planområdet

Planområdet er totalt på 194,6 daa og vert utvida med 33,4 daa i forhold til gjeldande plan. I høve til kommuneplanen er området utvida med 28,8 daa. Av dette er 12,4 daa sett av til

vegetasjonsbelte langs deponiarealet og 11,3 daa sett av til LNFR.

Byggeområda

Grad av utnytting på byggeområda er på mellom BYA = 25-40%, byggehøgder innanfor BAD er på maks 10 m med maks kotehøgde + 40 moh. I felta BN1-BN4 er maks byggehøgde sett til 18 m med maks kotehøgder + 40-50 moh.

Felta BN1, BN4 og BAD er bygd ut med nærings-/ industribygg, administrasjonsbygg og sorteringsanlegg mm. Den einaste utvidinga av eksisterande bygg som ein har planar om er ei eventuell utviding av administrasjonsbygget. Ein del av verksemda som i dag ligg inne i fyllområdet BAS skal flyttast til næringsområdet i sør for å frigjere meir plass til massedeponi.

Reinseanlegg

Det skal ikkje tilførast nye aktivitetar innanfor planområdet. Tomt for reinseanlegg ligg inne i gjeldande plan, denne vert utvida mot nord i planframlegget. Ny tilkomst til reinseanlegget/ Kjevika vert lagt i skråninga på nordsida av tomta, dagens tilkomst til området er frå sørvest. Dette medfører større terrenginngrep, men gjev òg meir areal til massedeponiet.

Reinseanlegg er vert prosjektert parallelt med reguleringsplanarbeidet og det er knytt rekkjefølgjekrav til at reinseanlegget skal være opparbeidd før nytt deponiareal kan nyttast.

Topografi/ terrenginngrep

Avfallsanlegget i Kjevikdalen ligg i eit dalføre i retning nordvest til søraust. Høgdedraga skjermar sjølve fyllplassen som er lite synleg frå Fv 57 og tilgrensande område, ferdig nivå for fyllplassen skal ikkje overstige høgdedraga. Dette går fram av snittet som er lagt ved saka. Reinseanlegget med ny tilkomstveg ligg innerst i Kjevika og vil være synleg frå sjøsida. Det vert relativt høge skjeringar på begge sider av vika, nordre del av deponiet vert plastra med stein og tilsådd i samband med bygging av reinseanlegg.

Parkering

Eksisterande parkeringsplass for NGIR sitt anlegg vert utvida i planframlegget grunna auka behov for parkeringsplassar.

Planstatus

Planområdet er i gjeldane kommuneplan sin arealdel 2011-2023 avsett til andre typar bygningar og anlegg der reguleringsplanen skal framleis skal gjelde. Største delen av utvidinga av planområdet ligg inne som LNFR i kommuneplanen.

Området er regulert gjennom reguleringsplan Kjevikdalen, fyllplass frå 1997 (planid: 1263199701). Reguleringa som omfattar området er spesialområde – fyllplass.

KU konsekvensutgreiing

Endringa som blir gjort i planforslaget i forhold til gjeldane plan er av så lite omfang at det ikkje vil gje vesentleg konsekvens for miljø og samfunn, jf. forskrift om konsekvensutgreiing, og krev såleis ikkje konsekvensutgreiing. Dette vart avklara i oppstartsmøte for planarbeidet.

Vurdering

Topografi og landskapstrekk

Avfallsanlegget i Kjevikdalen ligg innafør eit dalføre som gjev ei naturleg skjerming av verksemda. Utvidinga av fyllplassen som vert føreslege i planframlegget ligg også innafør dalføret og vil ikkje være særleg synleg frå tilgrensande område. Dei største terrenginngrepa i planframlegget vert nord i området i samband med bygging av reinseanlegg, ny veg til

reinseanlegget og avslutning av deponiet som skal plastrast med stein. Tiltaket vil være synleg frå sjøsida, men det ligg innerst i ei lang trong vik med lite ferdsel. Områda rundt planområdet er stort sett skogkledde åsar og ligg inne som LNFR i kommuneplanen. Vegetasjonen er hovudsakleg barskog. Administrasjonen meiner at sikring av deponiarealet med gjerde og etablering av vegetasjonsskjerm må inn i føresegnene som rekkjeføljekrav. Sjølv om det her er snakk om eksisterande vegetasjon, er det viktig å sikre ny etablering av vegetasjonen dersom verksemda medfører inngrep på denne. Maksimalt nivå på deponiet slik det er vist på snittet som er vedlagt, bør og innarbeidast i føresegnene.

Næring

I næringsområda er det foreslått ei moderat utnytting av tomtene med verksemder som er knytt til drift av avfallsplassen. Byggjehøgdedene som ligg inne i planframlegget på mellom 10-18 m er i samsvar med byggjehøgdedene på eksisterande bygg i anlegget.

ROS

Det er utarbeidd tilfredsstillande ROS-analyse for planområdet. Ut i frå ROS-analysen ser ein at det er knytt noko fare til høgspenlinene som går gjennom området. Høgspenlinene vil bli sikra med omsynssoner. Det er også knytt noko risiko til moglegheit for avrenning/forureining frå renovasjonsanlegget. Dette vert ivareteke ved realisering av reinseanlegg heilt nord i planområdet.

Vurdering av miljøkonsekvensar

Miljøkonsekvensar er vurdert i planomtalen og viser at det ikkje er viktige naturverdiar eller artar som vert råka av planframlegget. Det er registrert 2 raudlisteartar i området, jaktfalk og stær, samt at hønehauk er registrert like utanfor området i aust. Administrasjonen meiner at sidan registreringane ligg i den delen av planområdet der NGIR har drift i dag og det er ikkje gjort registreringar innanfor areala som er omfatta av planutvidinga, vil ikkje planframlegget få konsekvensar for raudlisteartane.

Det er registrert at grunnen på området er forureina. I nord omfattar planområdet noko sjøareal. Det er her gjort registreringar av mellom anna tungmetallar, grunna avsig frå avfallsanlegget. Dette vert ivareteke ved bygging av reiseanlegget.

Planframlegget vil føre til terrenginngrep i samband med bygging av reinseanlegg, tilkomstveg og avslutning av deponiet. Sjølv om det her er snakk om til dels store inngrep vil dei ikkje være særleg synleg frå sjøsida innerst i ein trong langstrakt vik. Det er likevel viktig å sikre at terrenginngrepa ikkje vert for dominerande.

Det er ikkje avdekka andre forhold som vil føre til spesielle negative verknader for miljøet.

Oppsummering

Administrasjonen meiner at planframlegget er i samsvar med overordna arealbruk i kommuneplanen. Utvidinga av planområdet ligg i område avsett til LNFR i kommuneplanen, men noko av dette arealet vert regulert som LNFR og vegetasjonsskjerm for fyllingsplassen, slik at arealbruken ikkje vert endra. Dersom ein trekker frå areala som er sett av til LNFR og grøntstruktur vil netto utviding av fyllplass/ næringsområde være på omtrent 10 daa i planframlegget.

Planframlegget legg til rette for bygging av reinseanlegg og betre utnytting av og kapasitet på fyllområdet. Utvidinga av området skjer innanfor dalføre som gjev ei naturleg topografisk skjerming/ avgrensing av tiltaket. Området er i drift i dag og utvidinga vil ikkje medføre vesentleg endring i høve til fjernverknad av tiltaket. Omstruktureringa det er lagt opp til vil gje anlegget ein betre kapasitet og gje ei betre utnytting av arealet som er sett av til avfallsplass.

Reinseanlegget er ein viktig funksjon å få på plass for å reinse sigevatn frå avfallsfyllinga.

Administrasjonen er positiv til endringane det er lagt opp til i planframlegget. Tiltaka for å utnytte kapasiteten til fyllplassen på best mogeleg måte samstundes som ein heldt seg innanfor dei topografiske avgrensingane som området har, er eit godt grep. Hovudutfordringa er knytt til terrenningrepa mot strandsona nord i planområdet. Avbøtande tiltak utover tilsåing av den plastra skråninga bør vurderast vidare.

.....

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
102/15	Plan- og miljøutvalet	PS	10.06.2015
054/15	Levekårsutvalet	PS	01.09.2015
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	
030/15	Eldrerådet	PS	01.09.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Christian H. Reinshol	14/5428

Ny 1. gangs handsaming av reguleringsplan for Johan Sverdrup oljerørledning, Bergsvikhamn-Mongstad, plan-ID 1263-201405

32T

PM412-DD-024-001_01 Johan Sverdrup oljerørledning Bergsvikhamn - Mongstad - Planskildring 21.05.2015
Vedlegg 23- Trafikale vurderinger for anleggsfasen
Vedlegg 6- Reguleringsplan for Johan Sverdrup oljerørledning fra Bergsvikhamn til Mongstad- F+ resegnar 21.05.2015
Vedlegg 4- Plankart-1 26.03.2015
Vedlegg 5- Plankart-2 26.03.2015
Vedlegg 7- Utsnitt-1 26.03.2015
Vedlegg 8- Utsnitt-2 26.03.2015
Vedlegg 24- Plantegning rigg, lager, deponiområde øst ved Fv 57
Vedlegg 11- Samandrag av innkomne merknader 26.03.2015
Vedlegg 13- ROS-analyse
Vedlegg 14- Konsekvensutredning Johan Sverdrup - plan for anlegg og drift Del II
Vedlegg 15- Samfunnskonskvenser samlet sluttrapport

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å leggje framlegg til reguleringsplan for Johan Sverdrup oljerørledning, Bergsvikhamn-Mongstad, ut på høyring og offentlig ettersyn.

Plan- og miljøutvalet - 102/15

PM - behandling:

Ettersendt sak "Ny 1.gangs handsaming av reguleringsplan for Johan Sverdrup oljerørledning" vart handsama i møte.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å leggje framlegg til reguleringsplan for Johan Sverdrup oljerørleidning, Bergsvikhamn-Mongstad, ut på høyring og offentleg ettersyn.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

Bakgrunn

Reguleringsplan for Johan Sverdrup oljerørleidning, Bergsvikhamn-Mongstad, var sett opp til handsaming i plan- og miljøutvalet 29.04.2015 men vart etter førespurnad frå forslagsstillar trekt tilbake frå handsaming. Plan- og miljøutvalet godtok trekkinga og la i tillegg til ei protokolltilførsle som følgde saka vidare. ABO plan og arkitektur har no kome med nytt planframlegg på vegne av Statoil Petroleum AS.

Av omsyn til tilgjengelege ressursar på planavdelinga og dei endringane som er gjort i planmaterialet vil administrasjonen vise til saksframlegget som vart fremja til møtet 29. april når det gjeld tilhøve som ikkje er endra i det nye planframlegget. Saksutgreiinga med framlegg til vedtak og protokolltilførsle er vist nedst i saksutgreiinga, etter vurderinga av endringane i planframlegget.

Det har sidan planframlegget vart trekt vore dialog mellom forslagsstillar/tiltakshavar og kommunane knytt til innhaldet i planen. Det er spesielt rekkefølgjekrav knytt til oppstart av arbeidet og tidspunkt og omfang av desse krava som har vore tema. For Lindås sin del har hovudutfordringa vore knytt til rekkefølgjekrav knytt til utbetring av Fv 57, Keilevegen og sikring av vassforsyning til Keilen. I tillegg har administrasjonen delteke i dialog mellom Statoil og Austrheim kommune knytt til rekkefølgjekrav som kun angår Austrheim kommune. Administrasjonen vil peike på at det har vore in god dialog med tiltakshavar knytt til rekkefølgjekrava og at ein i fellesskap har kome fram til det framlegget som no ligg føre.

I tillegg til nye føresegner har Statoil fått utarbeidd ei meir grundig trafikkanalyse av forventa trafikk som følgje av anleggsarbeidet i 4-årsperioden arbeidet med tunnel og legging av rørleidninga vil føregå. Trafikkanalysa tek spesielt for seg området rundt dei to tunnelinnsлага i vest og aust og skildrar i tillegg til antal forventa turar, ulike tiltak ein må gjennomføre for å få ei tilstrekkeleg midlertidig trafikksikring for både mjuke og harde trafikantar. Mellom anna vert det skildra tiltak som nedsett fartsgrense, innsnevring av vegbane, rundkøyring og trygg kryssing for mjuke trafikantar. Det er i tillegg til trafikkanalysa utarbeidd skisser som viser korleis deponi- og riggområda rundt tunnelinnsлага vil verte

opparbeidd undervegs i anleggsfasen. Desse områda ligg i Austrheim kommune.

Vurdering

Administrasjonen har i samarbeid med representantar frå Austrheim kommune og Statoil Petroleum hatt ein gjennomgang av dei ulike rekkefølgjekrava som var tilrådd frå både Lindås og Austrheim kommune i samband med førstegangshandsaminga av planframlegget. Det var først og fremst usemje knytt til både omfang av og tidspunkt for når dei ulike tiltaka skulle vere ferdigstilt som var utgangspunktet for gjennomgangen av rekkefølgjekrava.

Etter gjennomgangen av grunnlaget for vurderingane kommunane har gjort og dei vurderingane Statoil har gjort med utgangspunkt i kva verknader deira tiltak i anleggsperioden vil påføre vegnett og omgjevnader, har ein kome fram til framlegg til føresegnar. Føresegnene er i stor grad utforma i retning av det framlegget Lindås kommune har lagt føre i sitt saksframlegg. Det er sikra at gang- og sykkelveg, rundkøyring, veglys og undergang på Fv 57 skal vere opparbeidd eller sikra opparbeidd gjennom anten utbyggingsavtale eller annan avtale før ein kan gå i gang med arbeidet på tunnelen for oljerøyret. Det same gjeld for Keilevegen fram til kryss til Fv 57. Dette er i stor grad i samsvar med det Lindås kommune la fram i si førstegangshandsaming av reguleringsplanen. Formuleringa «sikra opparbeidd» inneber at ein kan kome fram til ein avtale om gjennomføring av tiltaket utan at eventuell framdrift i arbeidet stansar opp som følgje av at eitt eller fleire tiltak er ferdigstilt. Samstundes sikrar føresegnene at ein får på plass tilstrekkeleg trafikksikring av Fv 57 og Keilevegen fram til eventuell ferdigstilling av anlegga etter reguleringsplanen. Naudsynt trafikksikring av Fv 57 og Keilevegen skal godkjennast før ein får sette i gang tiltak.

I tillegg til endring av føresegnar knytt til veg og samferdsle er det teke inn rekkefølgjekrav om at det skal vere sikra opparbeidd vassforsyning for grunneigarar på Keilen og eventuelt andre stadar som kan verte råka av tunneldrivinga og framtidig sikrsingssone for tunnelen. Det er allereie starta opp dialog og vurdering av ulike moglegheiter for vassframføring til Keilen mellom administrasjonane og Statoil, og eit framlegg til permanent vassforsyning vil truleg vere klart i løpet av året. Når eit framlegg til trasé ligg føre, vil kommunen ta kontakt med bygdelaget for gjennomgang og innspel til framlegget.

Vidare er det også sikra at framtidig hovudinfrastruktur i området skal gå i trasear langs Keilevegen og Fv 57. Dette er også i tråd med administrasjonen si instilling i førre handsaming. Dette vil vere med på å legge til rete for ei heilskapleg utvikling av næringsområda som kjem i tilknytning til Keilevegen.

Oppsummert meiner administrasjonen at planframlegget som ligg føre er i samsvar med dei tilrådingane administrasjonen hadde til planframlegget i samband med førstegangshandsaminga til møtet den 29.04.2015. Endringane er utført i samråd med både Austrheim kommune og Statoil, og administrasjonen tilrår at planframlegget vert sendt på høyring og offentleg ettersyn utan vidare endringar.

Saksframlegg til 1. gangs handsaming 29.04.2015:

Saksnr	Utval	Type	Dato
Saksbehandlar		ArkivsakID	
Christian H. Reinshol			

1. gangs handsaming av reguleringsplan for Johan Sverdrup oljerørledning, Bergsvikhamn - Mongstad

Vedlegg:

PM412-DD-024-001_01 Johan Sverdrup oljerørledning Bergsvikhamn - Mongstad - Planskildring 26.03.2015Vedlegg 6- Reguleringsplan for Johan Sverdrup oljerørledning frå Bergsvikhamn til Mongstad- Føresegner 26.03.2015Vedlegg 4- Plankart-1 26.03.2015Vedlegg 5- Plankart-2 26.03.2015Vedlegg 8- Utsnitt-2 26.03.2015Vedlegg 11- Samandrag av innkomne merknader 26.03.2015Vedlegg 13- ROS-analyseVedlegg 14- Konsekvensutredning Johan Sverdrup - plan for anlegg og drift Del IIVedlegg 15- Samfunnskonskvenser samlet sluttrapport

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vert framlegg til reguleringsplan for Johan Sverdrup oljerørledning, Bergsvikhamn til Mongstad i Lindås og Austrheim kommunar lagt ut på høyring og offentleg ettersyn med følgjande endringar:

Ny § 1.3.7: Før tunneldriving kan starte, skal det vere sikra vassforsyning for grunneigarar på Keilen som kan verte berørt av tunneldrivinga og framtidig sikringssone for tunnelen. VA-avdelinga i Lindås kommune skal godkjenne eventuelle løysingar for vassforsyning.

Ny § 1.3.8: Det skal ikkje kunne koma saltpåverka vatn frå tunellane til bekkar, elver eller vassdrag. Dette må vera dokumentert av søkjar før tiltaket kan få ferdigattest/bruksløyve.

Lindås kommune vil i tillegg rå til at Austrheim kommune legg inn følgjande mindre endringar i rekkefølgjekrava, for å sikre ein fleksibilitet for tiltakshavar i anleggsperioden. Ny føresegn: Før igangsettingsløyve til anleggsvegar og rigg- og anleggsområde innanfor reguleringsplanen kan gjevast, skal aktuelle gang- og sykkelvegar med veglys vere ferdigstilt eller sikra opparbeidd. Avdeling for teknisk drift i Austrheim / Lindås kommune skal godkjenne at eventuelle minimumskrav knytt til trafikksikring er på plass før løyve vert gitt.

Endra § 1.3.1: Før igangsettingsløyve for tunneldriving innanfor området BAS7 og før bruksløyve for næringsbygg i BKB2 kan gjevast, skal rundkøyring, busshaldeplassar,

planfri undergang og infrastruktur knytt opp til Fv 57 vere ferdigbygd eller sikra opparbeidd. Avdeling for teknisk drift i Austrheim / Lindås kommune skal godkjenne at eventuelle minimumskrav knytt til trafikksikring er på plass før løyve vert gitt.

§ 1.3.3 utgår og vert erstatta av endra § 1.3.4.

Endra § 1.3.4: Før bruksløyve kan kan gjevast til nye næringsbygg innanfor felt BKB og seinast ved ferdigstilling av anleggsveggar og rigg- og anleggsområde innanfor BAS7, skal Keilevegen frå Fv 57 og forbi eignedomen gbnr 130/48 opparbeidast med tofelts veg, gang- og sykkelveg med veglys og naudsynt infrastruktur for anlegget. Tiltaket kan vere sikra opparbeidd med godkjenning frå avdeling for teknisk drift i Austrheim / Lindås kommune med omsyn til at eventuelle minimumskrav knytt til trafikksikring er på plass før løyve vert gitt.

Ny § 1.8: Rekkefølgjekrav er oppfylt for det aktuelle tiltaket dersom tiltaket er "sikra opparbeidd", gjennom at utbygger/ grunneigar enten har inngått forpliktande utbyggingsavtale eller annan avtale med Lindås / Austrheim kommune og/eller forpliktande avtale med Statens Vegvesen/ Hordaland fylkeskommune om gjennomføring av tiltaket.

Det må setjast av areal til felles infrastrukturtrasé mellom o_SGS1 og o_SKV1. Det må lagast føresegn som sikrar at felles framtidig infrastruktur skal plasserast i denne traseen. Det må også utformast føresegn som sikrar at det vert lagt til rette for framføring av naudsynt infrastruktur til næringsområda under Fv 57.

.....

Plan- og miljøutvalet - 047/15

PM - behandling:

Saka vert trekt frå sakskartet med ein protokolltilførsel:

Lindås kommune meiner Johan Sverdrup oljerørleidninga er viktig å få på plass for både Lindås kommune og heile Nordhordlandsregionen, og ynskjer å legge til rette for at prosjektet skal få ein forutsigbar framdrift frå fyrste spadetak vert sett i jorda. Samstundes har Lindås kommune stort fokus på å mellom anna trafikksikkerheit og planlegging som sikrar alle interesser i eit område også i framtida.

På bakgrunn av dette meiner Lindås kommune at rekkefølgjekrav som vart fremja i framlegg til politisk sak i Lindås kommune er rimelege i høve kommunen si rolle som samfunnsutviklar, samstundes som dei ville ha stetta Johan Sverdrup-prosjektet sitt behov for sikker framdrift gjennom utbyggingsfasen. Ein god dialog mellom politikarar, avdelingane for teknisk drift i kommunane og gode avtalar på førehand kan sikre at både framdrifta i høve etableringa av oljerørleidninga og ferdigstilling av naudsynt infrastruktur kan sikrast på ein god måte.

Lindås kommune vil kunne vere med å legge til rette for å starte eit arbeid med slike avtalar så snart som råd, for å sikre forutsigbarheit og framdrift i prosjektet.

Samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

Saka er trekt.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

Bakgrunn

Saka gjeld:

Plan- og miljøutvalet tek stilling til om reguleringsplanen skal leggjast ut til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 12-10. I samband med offentleg ettersyn går saka til uttale i Eldrerådet, Levekårsutvalet og Råd for menneske med nedsett funksjonsemne.

Reguleringsplanen er utarbeidd av ABO Plan og Arkitektur AS og Multiconsult AS for Johan Sverdrup prosjektet ved tiltakshavar og forslagsstillar Statoil Petroleum AS. Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for bygging av landdelen av oljerørleidninga frå Johan Sverdrup feltet og inn til Mongstad. Oljerørleidninga går i sjø fram til Bergvikhamn i Austrheim, der leidninga kjem på land. Vidare frå Bergvikhamn skal leidninga gå i grøft og tunnel fram til tilkopling til kavernene på Mongstad.

Planområdet strekk frå Bergsvikhamn i Austrheim kommune og endar opp på Mongstad i Lindås kommune. Det er regulert eit område som tek naudsynt høgd for dei operasjonane som kjem i samband med etableringa av oljerørleidninga. Ved tunnelpåslaga er det teke med større område for mellom anna å kunne plassere overskotsmassar i samband med tunneldrivinga. Det endelege planområdet er i liten grad innom Lindås kommune, då planframlegget no legg opp til at oljerørleidninga skal gå i tunnel under Keilen og vidare i tunnel gjennom Litlåsen der den kjem ut i bakkant av næringsområdet på Litlås, ved dei eldre massedeponia frå tidlegare etableringar på Mongstad. Derfrå kryssar oljerørleidninga vegen og kjem inn i Lindås kommune før den går vidare i grøft mot påkoplinga på kavernene. Det er med andre ord berre ein mindre del av leidninga som går gjennom Lindås kommune i det endelege planframlegget.

Føremålet med planen:

Reguleringsplanen regulerer i hovudsak trasé for landdelen av oljerørleidninga frå Johan Sverdrup feltet til Mongstad. Dette gjeld strekninga Bergsvikhamn i austrheim kommune til Mongstad. Statoil er operatør for utbygging og drift av Johan Sverdrup feltet som skal settast i drift i 2019. Reguleringsplanen dekkjer areal for både anleggs- og driftsperioden. Mellombels rigg- og anleggsområde som er vist i planen er større enn det som er nødvendig for tiltaket. Dette er gjort for å sikre entreprenøren som vert valt tilstrekkeleg fleksibilitet for å optimalisere anleggsaktiviteten i detaljplanlegginga. Når oljerørleidninga ligg ferdig vil ein gjere ei reguleringsending for planen, der ein innsnevrar dei regulerte areala til faresoner og sikringssoner i forhold til etablert oljerørleidning, og fjerner mellombels rigg- og anleggsområder som ikkje er tekne i bruk eller som er tilbakeført til opphavleg føremål.

Innhaldet i planen:

For Lindås kommune er oljerørleidninga regulert som tunnel under Keilen og i grøft frå tunnelinnslag under Litlåsen og inn til kavernene inne på Statoil Mongstad sitt område. Området er regulert på overflata, med omsynssone som legg restriksjonar for kva som kan utførast av tiltak innanfor denne. Føremålet med omsynssona er å sikre at det ikkje vert sett i gang tiltak som kan skade oljerøret, anten det er i tunnelen under Keilen eller i grøft inne på Statoil Mongstad sitt område. Dette medfører mellom anna at det ikkje vert høve til å bore nye borehol for vatn innanfor områda med omsynssone, ei heller andre typar tiltak som kan føre til skade på oljerøret.

Utover omsynssonene er arealføremåla som ligg i kommunedelplanen vist i plankartet og føremåla og tilhøyrande føresegner i gjeldande planar skal fortsatt gjelda. For områda i Lindås kommune medfører dette at det er føresegner i kommunedelplanen for Lindåsneset med Mongstad som fortsatt gjeld for Keilen og føresegner i reguleringsplan for Statoil industriområde som fortsatt vil gjelde i områda som er omfatta av denne reguleringsplanen.

Vidare vil Lindås kommune indirekte verte berørt av tilhøve knytt til Keilevegen, då denne er tilkomstveg til Keilen og dei nye næringsområda sør for Keilevegen. I tillegg er Fv 57 tilkomstveg til raffineriet på Mongstad. Når det gjeld Keilevegen skal denne oppgraderast med gang- og sykkelveg frå krysset ved Fv 57 til slutten av næringsområdet ved Kaland trelast. Det er lagt opp til at gang- og sykkelveg skal stå ferdig innan 8 mnd etter det vert gjeve igangsettingsløyve til arbeid innanfor planområdet, og innan same tidsperiode skal det vere utført mellombels oppgradering av krysset Keilevegen/Fv 57. I reguleringsplanen er det regulert inn ny rundkøyring i krysset Keilevegen/Fv 57, med planfri kryssing for mjuke trafikantar. I tillegg er det regulert inn ny gang- og sykkelveg på austsida av Fv 57, etter krav frå Statens vegvesen som held på med reguleringsarbeid for strekninga Lindås-Mongstad. I tillegg er det regulert nye busshaldeplassar på begge sider av Fv 57. Rækkefølgekrav for opparbeiding av rundkøyring, busshaldeplassar, planfri undergang og infrastruktur knytt til Fv 57 er knytt til bruksløyve for nye næringsbygg innanfor felt BKB2 i Austrheim kommune.

Reguleringsplanen har ikkje lagt opp til rækkefølgekrav som skal sikre vassforsyning til innbyggjarane til Keilen undervegs i anleggsperioden. Problemstillinga er omtalt i planmaterialet, men det er ikkje sikra noko i føresegnene knytt til dette.

ROS-analysen:

ROS-analysen viser at det kan verte katastrofale konsekvensar for miljøet ved eit middels eller stort utslepp av olje frå oljerøret. Ei slik hending er vurdert til å være svært usannsynleg, men ein har likevel tilrådd å vurdere ekstra overvåkingssystem for leidninga i tilfelle ei slik hending skulle oppstå. ROS-analysa viser at eit stort oljeutslepp kan medføre kritisk skade på menneske ved spesielle omstende, men at ei slik hending er usannsynleg. Det vert tilrådd i ROS-analysa same avbøtande tiltak som for skade på miljøet, at ein vurderer ekstra overvåkingssystem på leidninga. Alt i alt viser ROS-analysa at det vil vere store konsekvensar knytt til eit brot på oljerøret, men at sannsynlegheita er liten og ein vurderer ekstra tiltak for å minimere risiko ytterlegare.

Innkommne merknader til oppstart av planarbeidet:

Merknader frå innbyggjarar i Lindås kommune er i stor grad knytt til uro i høve etablerte borehol som kan verte påverka av tunnelen under Keilen. Det er fleire som har over 100 meter djupe borehol, som er sprengt i botn. Det vert sett fram ynskjer om at ein sikrar vasstilførsel i forkant av arbeidet på tunnelen. Det er ikkje sikra tiltak i planen som vil førebygge eventuelt bortfall eller forringing av vasskvalitet for bebuarane på Keilen. Vidare vert det teke opp problemstillingar knytt til trafikktilhøve for mjuke trafikantar og behov for skuleskyss i anleggsperioden. Det er frå forslagsstillar lagt opp til etablering av gangveg og tilfredsstillande vegkryssing ved fv 57 innan 8 månader etter at igangsettingsløyve for tunnelarbeidet er gitt. Vidare vert det uttrykt at ein må avgrense

støy frå anleggsarbeidet på kveldstid då det er fastbuande i anleggstraseen. Det er omtalt i planskildringa at det kan førekome arbeid på kveldstid og i helger dersom det er naudsynt for framdrifta i prosjektet, men at ein vil tilstrebe å unngå dette og å avgrense støy på desse tidspunkta.

Vurdering

Reguleringsplanen for oljerørframføring til Mongstad omfattar i det siste utkastet mindre område i Lindås kommune, men administrasjonen vil likevel ta opp til vurdering dei tema som rører ved interessene til kommunen som vegeigar og der ein har felles infrastrukturfordringar til næringsområde. I tillegg vil administrasjonen ta opp til vurdering problemstillingar knytt til Keilen i høve vassforsyning og trafikktryggleik.

Vassforsyning til Keilen:

Når det gjeld tilhøvet til framtidig vassforsyning til Keilen, både under og etter anleggsperioden med etableringa av tunnelen for oljerørleidninga, er dette omtalt i planmaterialet men det er ikkje sikra nokre føresegner som skal sikre dette tilhøvet. Administrasjonen meiner det kan vere aktuelt å ta inn rekkefølgekrav om at vassforsyninga til bebuarar på Keilen må vere sikra før arbeidet på tunnelen tek til. Dette på bakgrunn av at ein kan øydelegge vassforsyninga til nokre av bustadane i tunneltraseen, i tillegg til at ein vil frata grunneigarane rettigheitar til å bore etter vatn i framtida. Dersom ein legg opp til å legge restriksjonar på grunneigarane, er det viktig at vassforsyning for desse vert sikra på anna vis før eventuelt arbeid med tunnelen og potensielt fråfall av vassforsyning skjer. Det føregår dialog mellom kommunane og tiltakshavar om etablering av ny vassforsyning til Keilen, men dette er ikkje endeleg avklart enno. På bakgrunn av dette vil administrasjonen tilrå at det vert teke inn eit rekkefølgekrav i føresegnene som skal sikre at vassforsyning til innbyggjarane på Keilen er på plass før tunneldrivinga kjem fram til potensielle område for brønningar på Keilen. Administrasjonen vil ikkje sette krav om ei enten-eller løysing for kva type vassforsyning det er aktuelt at er etablert, kun at det skal vere sikra. Dette vil skape fleksibilitet for tiltakshavar i høve framdrift, då det kan vere aktuelt med midlertidige løysingar fram til eventuell permanent løysing er på plass. Ei meir generell føresegn knytt til vassforsyning som gjeld grunneigarar i baa kommunar kan vurderast.

Ny § 1.3.7: Før tunneldriving kan starte, skal det vere sikra vassforsyning for grunneigarar som kan verte berørt av tunneldrivinga og framtidig sikringssone for tunnelen. VA-avdelinga i Lindås kommune skal godkjenne eventuelle løysingar for vassforsyning.

Trafikktilhøve Keilevegen og kryss Fv 57:

I planframlegget ligg det inne ulike krav om opparbeiding av infrastruktur knytt til Keilevegen og Fv 57, med ulike innslagspunkt for når desse skal vere ferdigstilt. For rundkøyring, busshaldeplassar, planfri undergang og infrastruktur knytt til Fv 57 er rekkefølgekrav knytt til bruksløyve for bygningar innanfor næringsområdet BKB2 i Austrheim kommune. Rekkefølgekrav knytt til endeleg opparbeiding av Keilevegen med gang- og sykkelveg fram til og med Kaland trelast er også knytt til bruksløyve for næringsbygningar innanfor BKB2. Det er sett rekkefølgekrav for mellombels opparbeiding av kryss Keilevegen/Fv 57, innan åtte månader etter igangsettingsløyve for anleggsarbeid i anleggsområdet ved Mongstadvegen.

Generelt meiner administrasjonen at konsekvensutgreiinga og planmaterialet generelt tek for lett på utfordringar og konsekvensar knytt til trafikksituasjonen langs Fv 57 og Keilevegen. Når det gjeld opparbeiding av Fv 57 med ny rundkøyring, busshaldeplassar, planfri undergang og tilhøyrande infrastruktur, meiner administrasjonen at dette kravet må knytast opp i mot arbeidet med Johan Sverdrup oljerørleidninga, og ikkje mot opparbeidinga av næringsområdet BKB2 i Austrheim kommune. Det er fleire årsaker til at administrasjonen vil understreke dette. Den første er knytt til trafikktryggleik i området for både mjuke og harde trafikantar. For gåande vil anleggsarbeidet kunne føra med seg ulemper i form av auka trafikk til og frå

anleggsområdet. Born og unge på Keilen vil få mykje av anleggstrafikken nært inn på seg der dei i kvardagen bevegar seg langs noko som vil verta trafikkfarlege vegar. Born og unge nyttar desse vegane heile året og også til tider utanom til og frå skule. All anleggstrafikken her gjer at kommunen må gjera naudsynte grep og tiltak i reguleringsføresegnene for å hindra farlege situasjonar for mjuke trafikantar i desse områda. Vidare vil administrasjonen peike på at Lindås kommune saman med Austrheim kommune er med i pilotprosjektet «Trafikksikker kommune», noko som vidare forpliktar til å ta trafikktryggleik på alvor, spesielt der tilhøve og konsekvensar knytt til born og unge vert vurdert.

Det er vidare i utgangspunktet skildra i planframlegget at trafikk av massar og anleggstrafikk vil gå føre seg internt i området. Det er likevel ikkje sett noko krav om at massar skal måtte plasserast innanfor området BKB2 eller andre stader der vegsystemet ikkje vert belasta, slik at ein kan kome inn i ein situasjon der ein større del av massane går ut å offentleg veg. Vidare vil ei ny kryssutforming gjere det vanskelegare og meir trafikkfarleg for mjuke trafikantar å krysse vegen enn det det er i dag.

Strekninga som går forbi anleggsområdet for ny tunnelportal er i utgangspunktet trafikkfarleg slik den er i dag. Med ny anleggsverksemd og aktivitet i området, vil dette kunne ta merksemd frå trafikantar i området, noko som vidare kan føre til trafikkfarlege situasjonar på ei i utgangspunktet farleg strekke. Ei opparbeiding av krysset med rundkøyring vil vere med på å senke farten på strekninga og minske trafikkfaren. Auka trafikk i krysset Keilevegen/Fv 57 vil også bidra til auka trafikkfare.

I tillegg har Lindås kommune erfaringar knytt til innslagspunkt for opparbeiding av felles infrastruktur knytt til utbyggingsområde i kommunen. Erfaringar viser at det ofte er vanskeleg å få etablert viktig infrastruktur i etterkant av etableringar i både bustad- og næringsområder, og at det er ein fordel å få dette sikra så tidleg som mogleg når ein tek hól på eit område. Dette gjeld i like stor grad bustadområder som næringsområder. I tilfeller der ein utbygger må ta på seg utgifter for å opparbeide felles infrastruktur for større områder, er det vanleg å benytte seg av refusjonsprinsippet for å få dekkja eventuelle meirkostnader ein pådrar seg på vegne av andre aktørar når ein opnar eit utbyggingsområde. Administrasjonen kan ikkje sjå at det ligg føre spesielle føresetnader for at ein ikkje skal bruke same prinsippet i dette tilfellet.

Det er likevel viktig å peike på at det er tilhøve med dette prosjektet som gjer at det vert viktig å sikre ein viss fleksibilitet i framdrifta, då det er betydelege meirkostnader knytt til eventuelle forseinkingar i prosjektet. Døme på dette kan vere at ferdigstilling av infrastruktur skulle verte forseinka, noko som fører til at ein ikkje kjem i gang med arbeidet på tunnelen og i neste omgang vert forseinka med det overordna prosjektet. Administrasjonen meiner på bakgrunn av dette at det må vere rom for å legge inn ei moglegheit for at aktuell infrastruktur kan verte ferdigstilt å andre tidspunkt enn igangsetting og bruksløyve, etter nærare avtale med kommunen. Dette fordrar likevel at alle naudsynte tiltak for å sikre trafikantar vert sett i verk før oppstart av anleggsarbeidet. På denne måten kan ein sikre framdrift dersom det skulle oppstå forseinkingar i delar av arbeidet med den felles infrastrukturen. Ei anna føremon med ei slik tilnærming er at det kan være praktisk å ikkje ferdigstille anlegg før anna arbeid med store maskinar og liknande er ferdig, slik at ein ikkje risikerer at vegar eller anna infrastruktur vert skada undervegs i anleggsperioden og slik må rettast opp att når arbeidet er ferdig. Ei slik tilnærming kan løysast gjennom ei endring i føresegnene som sikrar at tiltaka er opparbeidd og at ein slik avtale kan gjerast i samråd med kommunen, eksempelvis gjennom ein utbyggingsavtale. Utgangspunktet må likevel etter administrasjonen si vurdering vere at dei planlagde anlegga må vere ferdigstilt før eventuelle anleggsarbeid starter opp.

Ny føresegn: Før igangsettingsløyve til anleggsvegar og rigg- og anleggsområde innanfor reguleringsplanen kan gjevast, skal aktuelle gang- og sykkelvegar med veglys vere ferdigstilt eller sikra opparbeidd. Avdeling for teknisk drift i Austrheim / Lindås kommune skal godkjenne at eventuelle minimumskrav knytt til trafikksikring er på plass før løyve vert

gitt.

Endra § 1.3.1: Før igangsettingsløyve for tunneldriving innanfor området BAS7 og før bruksløyve for næringsbygg i BKB2 kan gjevast, skal rundkøyring, busshaldeplassar, planfri undergang og infrastruktur knytt opp til Fv 57 vere ferdigbygd eller sikra opparbeidd. Avdeling for teknisk drift i Austrheim / Lindås kommune skal godkjenne at eventuelle minimumskrav knytt til trafikkisikring er på plass før løyve vert gitt.

§ 1.3.3 utgår.

Endra § 1.3.4: Før bruksløyve kan kan gjevast til nye næringsbygg innanfor felt BKB og seinast ved ferdigstilling av anleggsvegar og rigg- og anleggsområde innanfor BAS7, skal Keilevegen frå Fv 57 og forbi egedomen gbnr 130/48 opparbeidast med tofelts veg, gang- og sykkelveg med veglys og naudsynt infrastruktur for anlegget. Tiltaket kan vere sikra opparbeidd med godkjenning frå avdeling for teknisk drift i Austrheim / Lindås kommune at eventuelle minimumskrav knytt til trafikkisikring er på plass før løyve vert gitt.

Ny § 1.8: Rekkefølgjekrav er oppfylt for det aktuelle tiltaket dersom tiltaket er "sikra opparbeidd", gjennom at utbygger/ grunneigar enten har inngått forpliktande utbyggingsavtale eller annan avtale med Lindås / Austrheim kommune og/eller forpliktande avtale med Statens Vegvesen/ Hordaland fylkeskommune om gjennomføring av tiltaket.

Infrastruktur og kraftliner:

Det er lagt opp til at kraftlina som går gjennom område BKB2 skal leggjast i jordkabel før det kan gjevast bruksløyve til næringsbygningar i BKB2. Administrasjonen meiner det må spesifiserast nærare at jordkabelen skal gå i framtidig infrastrukturtrasé langs o_SGS1 og vidare langs o_SGS4 langs Fv 57. Dette for å legge opp til ein sams infrastrukturtrasé også for dei framtidige næringsområda på sørsida av Keilevegen. Denne infrastrukturtraseen bør ta høgd for å kunne samle all sannsynleg infrastruktur på lik line med traseane det er lagt til rette for på industriområda innanfor reguleringsplanane Storhamn Mongstad og Storemyra næringsområde på Mongstad, inkludert areal for framtidig fjernvarmeinfrastruktur. Det er også viktig at det vert lagt til rette for framføring av naudsynt infrastruktur under fylkesvegen i samband med opparbeidinga av kryssløysninga ved Keilevegen/Fv 57.

Det må setjast av areal til felles infrastrukturtrasé mellom o_SGS1 og o_SKV1. Det må lagast føresegn som sikrar at felles framtidig infrastruktur skal plasserast i denne traseen. Det må også utformast føresegn som sikrar at det vert lagt til rette for framføring av naudsynt infrastruktur til næringsområda under Fv 57.

Tilhøvet til naturmangfald og avrenning:

Administrasjonen meiner planarbeidet på ein grundig måte har vurdert konsekvensane i høve naturmangfaldet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12. For Hopevatnet og vassdraget her, er det viktig at tillaupsbekken ikkje vert brukt til deponiområde eller får uheldige avrenningar frå anleggsdrifta. Det er også viktig at det ikkje er noko fare for avrenning av saltpåverka vatn frå anlegget i driftsfasen. Dette må vera dokumentert av tiltakshavar før det vert gjeve ferdigattest eller bruksløyve. Administrasjonen vil tilrå at det vert lagt til eit rekkefølgjekrav som sikrar dette tilhøvet.

Ny § 1.3.8: Det skal ikkje kunne koma saltpåverka vatn frå tunellane til bekkar, elver eller vassdrag. Dette må vera dokumentert av søkjar før tiltaket kan få ferdigattest/bruksløyve.

.....

